



# Seljord barne- og ungdomsskule

## Retningslinjer for utlån av samlingsrommet

**Føremål:** Samlingsrommet kan brukast vederlagsfritt av føresette til aktivitetar som støttar opp under trivsel og eit inkluderande klassemiljø på 1.- 7. trinn.

*Dette gjeld:*

Sosiale aktivitetar som gjeld heile klassa/trinnet.

Bursdagsfeiringar som inkluderer anten alle gutane/jentene i klassa/ på trinnet eller heile klassa/trinnet.

Samlingsrommet kan lånast måndag - fredag og følgjer skuleruta. Det er ikkje høve til å låne samlingsrommet i skulen sine ferier eller på fridagar/heilagdagar.

*Den som skriv under avtala om utlån, er ansvarleg for at retningslinjene blir haldne.*

- Ved ynskje om å låne samlingsrommet, tek ein kontakt med kontormedarbeidar Aud Karin Gjerlid minimum fem dagar før ein ynskjer å låne rommet.
- Ansvarleg hentar nøkkel på skulen og signerer samstundes lånekontrakt.
- Nøkkel skal leverast tilbake av ansvarleg snarast etter arrangementet er avslutta.
- Ansvarleg for lånet skal vera til stades under heile arrangementet.
- Bord, stolar og anna inventar skal ryddast etter bruk. Bord skal slåast saman og stablast. Stolar skal inn til veggen, sju i kvar stabel. Stolar skal ikkje stablast framfor naudutgangen.
- Kjøkkenet skal ryddast etter bruk.
- Alt av søppel skal berast ut i container på utsida og golvet skal sopast.
- Før ein forlet rommet, skal ansvarleg sjå til at alt er rydda, alle vindauge er att, lyset skal sløkkjast og alle dører skal låsast.
- Det er ikkje høve til å nytte musikkutstyret på lagerrommet.
- Dersom det er ynskjeleg å nytte projektor, skal ansvarleg gje beskjed om dette på førehand, og få opplæring. Det er berre ansvarleg som skal betene det digitale utstyret.
- Scenen skal ikkje senkast.
- Den som er ansvarleg skal gjera seg kjent med rutiner ved brann.
- Dersom noko blir øydelagt, skal ansvarleg gje beskjed om dette til skulen snarast. Skulen kan i følgje lovverk kreve erstatning på inntil 5000,- kr. dersom skaden er uaktsom.

*Eg er ansvarleg for lån av samlingsrommet \_\_\_\_\_ (dato), er kjent med retningslinjene og har fått utlevert nøkkel.*

---

Dato og signatur